

Årsmelding

Keipen Turlag 2013



Styret har i 2013 vore samansett slik:

Leiar : Arne Loftheim
Nestleiar : Mattis Hamre
Sekretær : Gunnar Skjølberg
Kasserar : Rita Svarstad Isene
Styremedlem : Kirsten Grotle
Styremedlem : Liv Haukenes
Styremedlem : Jarle Frøyen
Varamedlem : Steinar Isene
Varamedlem : Svern Petter Kjerpeset

Jarle Frøyen er vald som styremedlem i SFT.

Barnas Turlag Indre:

Leiar: Inger Lise Langedal
Styremedlem : Kjell Morten Langedal
Styremedlem: Gabriel Ossenkamp
Styremedlem: Deborah Ossenkamp

Barnas Turlag Ytre:

Leiar: Kari Songedal
Styremedlem: Monicha Terdal
Styremedlem: Monicha Liseth Hauge

KT har auka medlemsmassen frå 161 ved siste årsmøte til 180 i dag.

Møte

Vi har gjennomført årsmøte, 7 styremøte og handsama 42 saker.
Representantar for Keipen Turlag har delteke på fleire informasjon- og drøftingsmøte kring vindkraft og linjetraseval.
Arne Loftheim og Mattis Hamre var utsendingar på årsmøtet til SFT på Skei.
Arne Loftheim og Gunnar Skjølberg var utsendingar på Fellesmøtet på Sandane.
Arne Loftheim og Gunnar Skjølberg møtte på opninga ferdig turmerking i Berle.

Tavler/skilting

I Berle krins er det utført mykje arbeid med merking, skilt og infotavler. Alt det praktiske arbeidet har grendalaget stått for.
På Bremangerlandet er deler av stien frå Geitenipa til Fagredalen merka. Ferdig merking vil gjø høve til rundtur frå Ryland til Eikeset.

Kurs

Gunnar Skjølberg deltok på Vestlandskurs i Førde og informerte der om vårt merkearbeid, turboka og turkartet.

Uttaler

Keipen har sendt ein del uttalar via Sogn og Fjordane Turlag. Vi har også gjeve uttalar/opplysningar om kor mykje dei ulike områda i kommunen er nytta til turgåing.

KT har to Barnas Turlag.

Barnas Turlag i Indre/Svelgen

Vi har i 2013 hatt 5 turar. Det har vært bra oppmøte på alle turane. KomDegUt dagen i februar arrangerte vi i lag med BT ytre. Då hadde vi skiaktivitet ved Karlskarstova.

Turane våre har vore varierende; vi har hatt skiaktivitar, strandrydding, padling og skattejakt. Alle turane har vore kjekke og opplevelsrike. I snitt har vi lagt på 19 born og 13 vaksne (då er ikkje fellesturen i februar tatt med) Dette er vi veldig fornøgde med.

Det har også vore 2 store arrangement i Svelgen i år - eit på vårparten og eit etter sommaren. I juni var det stort arrangement med opning av tunnel til Leirgulen – her stilte BT indre og ytre med stand i Svelgen i samarbeid med Røde Kors. Vi hadde løype rundt i sentrum med quiz, line og bål der ungane grilla pinnebrød. Alle deltakara fekk kvar sin premie i tillegg til at det vart trekt ut ein hovudvinnar som fekk ein pose med turrekvisita og snop.

I august månad var det stor arrangement med Høgt og Lågt. Då hadde vi i BT indre stand ilag med Røde Kors. Vi hadde lavvo, line og bondegard. Alle borna som kom innom oss, fekk tildelt ein melkesjokolade. På bondegarden fekk ungane helse på kaniner og sauer. Mating av sauane var veldig populært.

Vi i indre har køyrt same opplegget som dei tidligare åra. Vi har ikkje datofesta turar, men set opp turar når vi i styret har anledning og når veret er nokolunde bra. Denne måten å jobbe på fungerer veldig fint og vi vil fortsette slik framover.

Tusen takk til alle born og foreldre som stiller opp på turane våre!

Gabriel Ossenkamp og Deborah Ossenkamp
Inger Lise Langedal og Kjell Morten Langedal

Turane til Barnas Turlag i ytre

Vi har i 2013 gjennomført 3 turar, og valt å avlyse 2 pga ekstremver.

Første turen vår var skøytedag på Myrvatnet onsdag 23.januar. Vi deltok på felles tur med indre på Kom- deg-ut- dagen 3.februar. Då hadde vi skidag på Karlskardet.. Veret var ikkje det beste, men ca . 50 ungar og vaksne stilte likevel opp til tur-quiz, ski-leik og pølsegrilling på bål.

Den planlagte turen til Konsdalen i mars, måtte vi dessverre avlyse.

Fjerde turen vår gjekk frå Først til Berle. Vi hadde ein flott tur, og sender ei stor takk til Hildegard som overraska med saft og is høgt til fjells. ☺

Septemberturen vår regna vekk☹

Søndag 30.november møttest vel 30 ungar og 20 vaksne til lommelykttur i Førsmarka. Vi hadde tur-quiz langs vegen og grilla pølser og pinnebrød.

Vi har i år vore 4 leiarar i Barnas turlag ytre: Kari Songedal , Roger Svarstad, Monicha Terdal og Monica Hauge.

Vi nyttar Facebook-sida til å minne om turar, legge ut gode artiklar og bilete frå turane våre. Det er mange som vil vere venn med oss der, og det lettar arbeidet med å få gitt folk beskjed om turar ein heil del.

2.juni	Gulebrystet-Molda	Fot	Sissel Igland/ Svenn Petter Kjerpeset	Avlyst grunna dårleg ver
9.juni	Ommen	Fot	Karstein L./S. Isene	Starta, men avlyst etter kort tid grunna tåke
16.juni	Vetvika	Fot	Svenn Petter Kjerpeset/Gisle Skjølberg	9 delt.
16.juni	Indrehusvatnet	Fot		23 barn, 20 vaksne
22.juni	Frå solnedgang til soloppgang Grotle - Klungreset	Fot	Kirsten /Gunnar	Avlyst grunna dårleg ver
30.juni	Terdalskeipen	Fot	Oddmund/Olga	30 deltararar
14.juli	Stavevatnet-Staven	Fot	Johanna M/Inger Lise	Avlyst grunna dårleg ver
21.juli	Hornelen frå Berle	Fot	Gunnar	22 deltakarar, bra ver
28.juli	Hjelmen	Fot	Karstein Løvset	3 deltakarar
4.august	Troda	Fot	Björg Lofnes/Rob	13 deltakarar
11.august	Indrehus-Svartevass-fjellet	Fot	Sissel I/Jorunn S	Delvis avlyst grunna dårleg ver
18.august	Ålfotbreen	Fot	Bjarte M/S Isene	Avlyst grunna dårleg ver

Fjelltrim indre/Svelgen

Risevatnet 3,5 km	3065 besøk
Risevatnet Vasskaret	579 besøk
Moldahytta	1897 besøk
Martinbu Sandsegga	1269 besøk
Omvendeskaret	249 besøk
Ivervatn	326 besøk
Knekkevasshytta	433 besøk
Jakthytta Ytrehus	266 besøk
Gulebrystet	301 besøk

Til saman 8285 besøk til saman på dei 9 postane. Ein liten nedgang frå i fjor då vi hadde 9209 besøk. På fjelltrimpostane er det kvar månad trekt ut 3 vinnarar av Elkemkruset.

På årsmøtet vert det trekt ut 3 ut tre gåvekort på kr. 300 frå tre av postane i turåret.

Sum fjelltrim indre/Svelgen:

Fjelltrim Ytre Bremanger

Fjelltrimmen for Ytre Bremanger er enno ikkje avslutta. Den vert talt opp 31.12. Det som er opptalt til no i år vel 9.500 treff, så prognosen ligg an til at ein kjem opp på ein plass mellom 14. og 15.000.

Kari Songedal / Monicha Terdal

Merking av stiar

Gjengen: Turlaget har fått henvending frå fylket. Har hatt møte med grunneigarar. Svann Petter Kjerpeset har logga traséen. Med underskrivne avtaler frå grunneigarar og utbetalt tilskot frå fylket, er det klart for dugnadsarbeid med merking.

Sandsegga: Svann Petter Kjerpeset har saman med andre fått merkepinnar opp til Martinbu som utgangspunkt for vidare merking.

Orientering

Turorienteringa 2013 starta 1.Mai med 3 rutar med 27 poster. Det vart selt 37 kort og har fått inn 27 kort som er ferdig klipte.

Søndagsturar

Fellesturar

Lokale turar

Turprogram Keipen Turlag 2013:

Dato:	Stad:	Type:	Leiar:	
30.nov.	Førsmarka lommelykttur	Barnas Turlag Ytre	Leiarar i Barnas Turlag	30 barn, 20 vaksne
3.febr.	Karlskarstova	Fellestur Barnas Turlag	Leiarar i Barnas Turlag	28 barn, 31 vaksne
23.jan.	Myravatnet på isen	Barnas Turlag Ytre	Leiarar i Barnas Turlag	Tal ikkje oppgjeve
20.mars	Langesi	Ski	Leiarar i Barnas Turlag	22 barn, 14 vaksne
1.april	Ålfotbreen	Ski		Avlyst grunna dårleg ver
7.april	Moldahytta	Open dag		14 barn, 31 vaksne
1.mai	Keipen	Ski	A.Svarstad/J. Frøyen	Avlyst grunna dårleg ver
5.mai	Smalerabben	Fot	Gisle/Tore Skjølberg	Avlyst grunna dårleg ver
12.mai	Knekkevasshytta	Open dag	Vertskap: Sissel, Olga og Johanna	27 vaksne, 3 barn
20.mai	Sandsegga, friuftsgudsteneste	Fot		17 barn, 10 ungdom, 65 vaksne
25.mai	Strandrydding Nesbø	Barnas Turlag Indre	Leiarar i Barnas Turlag	12 barn, 6 vaksne
26.mai	Dosavarden-Fanneskarvarden	Fot	Gunnar Skjølberg/kjentfolk i Kalvåg	18 dektajarar, bra ver